

GRIP INN, STOPP OG STØTT!

Når du skal gripe inn og stoppe mobbing/utestenging bør du vere roleg, trygg og god i møte med *alle* barna i situasjonen. Går heilt bort til dei og:

1. Stopp med omsorg:

- «Stopp dette er ikkje greitt!»
- «Når du gjer/seier sånn kan (namn) bli lei seg/få vondt»

2. Valider følelsen til barnet det gjekk ut over

- «Dette såg eg vart dumt/vondt for deg.
- Eg forstår godt om du kjenner deg trist/sint/såra/redd/anna følelse no»



3. Reflekter med barna for å finne behovet bak handlinga:



Sjå undrande ut, men ikkje direkte på barna

- «Hm, eg lurar på kva (namn) hadde lyst til egentleg, sidan (namn + det barnet gjorde/sa)?»
- Kom med egne forslag som viser forståelige behov bak handlinga:
- «Kanskje (namn) hadde lyst å vere med å leike? Eller kanskje noko var urettferdig? Eller kanskje (namn) hadde sett for seg at det skulle vere på ein annan måte?»

La barna kome med egne forslag om dei vil, men ikkje press dei til å svare.

4. Valider behovet som førte til handlinga:

- «Eg forstår at du vart sint.»
- «Eg forstår godt at du også hadde lyst å vere med.»
- «Eg forstår at de hadde lyst å gjere akkurat det same som i går.»

5. Reflekter med barna for å finne gode handlingsalternativ som dekker behovet:

Start med egne forslag, og sjå om barna kjem på nokre dei også.

- «Det er heilt greitt å ha lyst til ..., men ikkje å (handlinga som vart gjort). Neste gong du har lyst til dette kan det kanskje vere lurt å spørre med ord / sei fra med ord / hente ein vaksen / vente på tur / ta med fleire i leiken?» «Var nokon av dei forslaga lure skal tru?»

Avslutt gjerne med å trene på korleis det kan gjerast i situasjonen.

